

Bergen kommune, Etat for plan og geodata
Postboks 7700
5020 BERGEN

Vår ref.: (nyttast ved korrespondanse)
201302901-36/714/SIGBJE

Dykkar ref.:
201125114/338

Bergen, 04. november 2013

Fråsegn Bybanen Bergen sentrum til Åsane - høyring - tilleggsutgreiingar til konsekvensutgreiing – Bergen kommune

Vi viser til brev datert 08.10.2013 om høyring av tilleggsutgreiingar til konsekvensutgreiing for Bybanen til Åsane. Saka var handsama i Fylkesutvalet i Hordaland 31.10. 2013, der det vart gjort følgjande vedtak:

1. *Tilleggsutgreiingane til konsekvensutgreiing for Bybanen Bergen sentrum-Åsane er tilfredsstillande.*
2. *I delområde A – Sentrum, vert alternativ IAa tilrådd som trasé.*
 - a. *Trasévalet føreset:*
 - i. *at ein fjernar, eller sikrar fjerna, det meste av ordinær biltrafikk framom Bryggen.*
 - ii. *at ein ikkje set opp gjerder eller andre fysiske hindringar framom Torget og Bryggen.*
 - iii. *at ein finn akseptable løysingar for køyreleidningsanlegg.*
 - b. *Som avbøtande tiltak knytt til barriereverknad ber fylkesutvalet om at ein i reguleringsarbeidet ser nærare på:*
 - i. *Batteri eller andre energiberarar som straumkjelde framfor Torget og Bryggen.*
 - ii. *Arkitekt/designkonkurrans for Torget og Bryggen med vekt på gategrunn, lyssetting og kontaktleidningsanlegg.*
 - iii. *Reduksjon av barriereverknaden for verdsarvstaden Bryggen i form av kotehøgde for bybanespetet.*
 - iv. *Auka avstand til Finnegården.*
 - c. *Fylkesutvalet ser det som viktig at det vert gjennomført tiltak som avlastar:*
 - i. *Trafikk som kan vere i konflikt med framkomst til bybanen.*
 - ii. *Den trafikale belastninga for dei kulturhistoriske miljøa i sentrum og Sandviken.*
 - iii. *Den trafikale belastninga for bebuarane i sentrum og Sandviken.*
 - d. *Dersom summen av dei avbøtande tiltaka ved ei daglinjeløysing ikkje vert tilstrekkelege for å ivareta nasjonale og internasjonale kulturminneverdiar, kan det verte aktuelt å vurdere*

motsegn til dagalternativa gjennom sentrum.

3. *I delområde B – Sandviken, vert alternativ 1Ba tilrådd som trase, som i fylkesutvalsak 153/13.
 - a. *Fylkesutvalet ber om at det vert arbeidd vidare med ei samanhengande høgkvalitet sykkelløysing mellom sentrum og Åsane.*
 - b. *Fylkesutvalet føreset at det vidare planarbeidet tek omsyn til kulturminnet og kulturmiljøet rundt Måseskjæret i tråd med tidlegare fråsegn.**
4. *I delområde C – Åsane, vert alternativ 2C vurdert som det beste mellom Eidsvåg og Åsane sentrum. I Åsane sentrum vert alternativ 2C vurdert å vere det beste.*
5. *Fylkesutvalet ser ikkje at tilleggsutgreiingane endrar på tidlegare vurdering og vedtak knytt til alternativ 3 i Sandviken.*
6. *Dersom Bergen kommune vel eit tunnellalternativ gjennom sentrum, tilrår fylkesutvalet at alternativ 2Aa med tunnelpåhogg sør for Statens hus vert valt, dersom ein klarar å sikre vidare trasé mot Haukeland sjukehus. Ved eit slikt val vil fylkesutvalet tilrå at ein også vel tunnellalternativ i Sandviken.*
7. *Fylkesutvalet ber om at det vert vurdert innfartsparkering på stoppestader i Åsane.*

Sigrid N. Bjercke
Sakshandsamer

Vedlegg :
Saksframlegg
Særutskrift av møtebok

Kopi til:
Fylkesmannen i Hordaland, Kommunal- og samfunnsplanavdelinga
Statens Vegvesen, Region Vest